
Saknr: 2020/41180-1
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.03.2020

Nærøyfjorden Verdsarvpark - tildeling av tilskot til delfinansiering av stilling som kulturvernforvaltar

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler Nærøyfjorden Verdsarvpark kr. 300 000,- til delfinansiering av stilling som kulturvernforvaltar i 2020.
2. Løyvinga vert finansiert med budsjettdekning over post 440500 Museum, *Bygningsverntenesta ved musea.*

Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark om delfinansiering av stilling som kulturvernforvaltar. Stillinga skal bidra til at istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, gjennom å vere ein rådgjevar for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet. Vidare vil kulturvernforvaltar kunne bidra med hjelp til planlegging av istandsetjing, skriving av søknadar om tilskot og utføring av ulike istandsetjingsoppgåver. Stillinga skal vere lokalisert hjå Nærøyfjorden Verdsarvpark i Aurland kommune. Fylkesrådmannen tilrår i denne saka at det vert løyvd eit tilskot på kr. 300 000,- til delfinansiering av denne stillinga i 2020.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestnorsk fjordlandskap er ein av tre innskrivingar på UNESCO si verdsarvliste som ligg i Vestland fylke. Vestnorsk fjordlandskap er eit geografisk stort verdsarvområde og består av to delområder; Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, der delområdet Nærøyfjorden ligg i Vestland fylke. Området er skrive inn som eit naturområde, men dei kulturhistoriske verdiane i området er omtala i innskrivinga:

«Remnants of old and now mostly abandoned transhumant farms add a cultural aspect to the dramatic natural landscape that complements and add human interest to the area.»

(Utdrag frå innskrivinga, kriterium vii)

Fylkeskommunen har vore aktive i arbeidet med istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet både gjennom forvaltning av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven og ved å ha fått utarbeidd ein restaureringsplan for dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet. Sistnemnde har vore retningsgjevande for Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt arbeid, jf. HK-sak 44/14. Restaureringsplanen har vore eit godt verktøy og Vestland fylkeskommune arbeider no med å rullere planen.

Bakgrunnen for søknaden er at Nærøyfjorden Verdsarvpark ser behov for å ha ein fagstilling lokalt som kan bistå eigarar av verneverdige kulturminne i verdsarvområdet i samband med bevaring og restaurering av bygningar. Verdsarvparken hadde tidlegare ein prosjektstilling som restaureringshandverkar. Erfaringane frå denne stillinga var gode og ein fekk heva nivået på både søknadar og gjennomføring av prosjekt. Verdsarvparken ynskjer no å opprette ei slik stilling igjen.

Fyljande oppgåver vil bli lagt til stillinga:

- Tilsyn med tilstanden til kulturminna og kulturmiljøa
- Initiere tiltak der det manglar initiativ frå eigarsida
- Planlegge istandsetjing og konkretisere tiltak som grunnlag for bestilling
- Få fram søknadar om tilskot
- Utføre istandsetjingsoppgåver

Stillinga skal vere lokalisert i Aurland og arbeidsgjevaransvaret skal leggest til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap søkte Riksantikvaren om fullfinansiering av to stillingar som kulturvernforvaltarar, ein i kvart delområde, frå 2019. Søknaden vart avslegen då Riksantikvaren ikkje kan fullfinansiere ein slik stilling. 14. februar 2019 vart det halde eit møte med Riksantikvaren, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Storfjordens venner, Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark om korleis ein kunne få finansiert ein slik stilling. Tilbakemeldinga frå Riksantikvaren var at dei er positive til å kunne stille med inntil 50% av finansieringa, men samstundes utfordra dei regionalt/lokalt nivå til å løyve resten av midlane. Riksantikvaren vil kunne finansiere eit slikt tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79.

Stillinga er kostnadsrekna til kr. 1 000 000,- og Nærøyfjorden Verdsarvpark søkte i august 2019 Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune om til saman kr. 500 000,- i tilskot til delfinansiering av denne stillinga. Riksantikvaren vart søkt om å dekke dei resterande kr. 500 000,- av finansieringa.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har søkt om tilsvarende tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune og frå Riksantikvaren for å opprette ein tilsvarende stilling for Geirangerfjordområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har for 2020 løyvd til saman kr. 300 000,- til ei slik stilling i Geiranger, og Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er i dialog med verdsarvkommmunane i Geirangerfjordområdet for å få dei med på delfinansieringa av stillinga. Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har som fylje av dette lyst ut stilling som kulturvernforvaltar for Geirangerfjordområdet.

Hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk saka til orientering i sitt møte den 1. oktober 2019 i sak 57/19. Saka har ikkje vore oppe til politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har vedtaksmynde i denne saka jf. Reglement for folkevalde organ og delegering. Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering:

3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- Fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen sin vurdering av søknaden

Det norske ambisjonsnivået for å gjennomføre forpliktingane som fyljer av verdsarvkonvensjonen er høgt. Staten vil at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrårn for den beste praksisen innan natur- og kulturminneforvaltning, jf. stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*, jf. Stortingsmelding 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste*. For å oppnå ein beste praksis i forvaltninga av verdsarvområda krev det innsats på ulike forvaltningsnivå. I «Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 – 2027» er eit av hovudmåla å utvikle kulturelle kraftsenter i fylket og det er presisert at vi vil utvikle verdsarvområda som kulturelle kraftsenter. I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, s. 77, er måla for verdsarven formulert slik:

1. Forvaltninga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring
2. Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvaltning av verdsarven og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling.»

Fylkesrådmannen er positiv til at fylkeskommunen skal bidra med delfinansiering av stillinga som kulturvernforvaltar ved Nærøyfjorden Verdsarvpark. Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven til ulike istandsetjingstiltak. Kor mykje tilskot som vert løyvd kvart år er avhengig av kva søknadar vi får inn frå eigarane av kulturminne i verdsarvområdet. Fylkesrådmannen ser at det er behov for auka bistand til eigarane av kulturminne i verdsarvområda for å få fram gode istandsetjingsprosjekt og å fylje dei opp slik at dei vert godt gjennomførte.

Gjennom Restaureringsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden har fylkeskommunen god oversikt over kva bygningar i verdsarvområdet som har behov for istandsetjing. Fylkesrådmannen ser at det er behov for meir ressursar i nærområdet for å arbeide fram gode istandsetjingsprosjekt for å oppfylle måla i restaureringsplanen og for å fylje opp dei tiltaka som har fått tilskot slik at ein har god framdrift og godt resultat. I 2010/11 hadde Nærøyfjorden Verdsarvpark tilsett ein restaureringshandverkar i ein prosjekt stilling. Resultatet av dette var ei forbetring av søknadsgrunnlaget og at eigarane i verdsarvområdet fekk betre fagleg oppfyljing. På grunn av usikker finansiering fekk ikkje Verdsarvparken vidareført denne stillinga. Fylkeskommunen har forsøkt å kompensere dette ved å ha fylje opp tettare prosjekt som har fått støtte til istandsetjing og ved å bidra med råd og rettleiing i samband med nye prosjekt knytt til kulturminne som er prioritert i restaureringsplanen for området. Men fylkesrådmannen ser at det er behov for ein lokalt plassert ressurs som er lett tilgjengeleg for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet.

Ein stilling som kulturvernforvaltar vil bidra til at forvaltninga av verdsarvområdet vert eit døme på beste praksis og bidra til å oppretthalde området sin OUV (Outstanding Universal Value) slik det er skildra i innskrivinga etter kriterium vii. Vidare vil etableringa av ein slik stilling bidra til å utvikle verdsarvområdet som eit kulturelt kraftsenter knytt til restaurering av kulturminne og bevaring av verdsarven. Noko som er i tråd med målsetjinga i *Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 -2027* og *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Økonomi:

Nærøyfjorden verdsarvpark søker i utgangspunktet om kr. 500 000,- i tilskot til finansiering av denne stillinga i 2020. Midlane som er føreslått tildelt til stillinga kjem frå ei omdisponering av midlar frå budsjett post 440500 Museum, under *Bygningsverntenesta ved musea*. På denne posten er det kun kr. 300 000,- som er disponibelt pr. i dag, og det er difor ikkje mogleg å imøtekomme heile det omsøkte beløpet. For komande år vert Nærøyfjorden Verdsarvpark oppmoda om å søke fylkeskommunen om driftsmidlar gjennom tilskotsordninga innafor kultur, idrett og inkludering.

Klima: Istandsetjing av bygningsarven er eit godt klimatiltak, då bruk av eksisterande bygningsmasse framfor å bygge nytt gjev eit mindre klimaavtrykk. I tillegg er dei eldre verneverdige bygningane i hovudsak bygd av materiale som er fornybare og enkle å reparere framfor å skifte ut unødig mykje material med ny. Bygg- og anleggssektoren er den sektoren i fastlands-Norge som er mest energiintensiv og gjenbruk av eksisterande bygningar og anlegg er difor eit viktig miljøtiltak.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Løyvinga er eit verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i regional kulturplan 2015-2025 PREMISS:KULTUR og Kultur for alle, Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019-2027.

Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegg.